



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 04.02.2019
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/19	Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen		2018/7
PS 4/19	Tilsynsrapporten frå Arkivverket - orientering frå rådmannen		2014/240
PS 5/19	Tildeling av avlastningsplasser ved sjukeheimen - orientering frå rådmannen		2014/240
PS 6/19	Internkontrollsystema - orientering frå rådmannen		2014/240
PS 7/19	Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning - forslag til prosjektplan		2019/9
PS 8/19	Årsmelding 2018 for kontrollutvalet		2016/81
PS 9/19	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 10/19	Møteplan 2019 for kontrollutvalet		2016/14
PS 11/19	Referatsaker		
RS 1/19	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 2/19	Medlemsinfo frå FKT - protokoll styremøte 14.12.18		2016/23
PS 12/19	Eventuelt		

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000
Arkivnr: 2018/7-8
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	3/19	04.02.2019

Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen

Bakgrunn

I kontrollutvalet sitt møte 12.02.18 vart sak vedr. «Ny personvernlov frå 2018 – konsekvensar for kommunane» handsama. I møteprotokoll etter møtet står følgjande:

«Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 23.04.2018.*
2. *I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 14.05.2018 for å orientera munnleg om saka.»*

Dei 7 spørsmålsstillingane som var reist i saka, og som det er bede om at rådmann svarar skriftleg på er:

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgjever?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?
7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?

Rådmann orienterte kontrollutvalet i møte den 14.05.2018 (sak PS 19/18) om arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Dette vart mellom anna protokollført:

«Arbeidet har vore svært omfattande og det er ennå ein del som må koma på plass for å tilpassa seg det nye lovverket. Samarbeidet med andre kommunar og regionar har vore vurdert, men sjølv om ein kjem til å velja slike løysingar, ser ein at det likevel er mykje arbeid som må utførast innad i kommunen. Ein er ikkje i mål, men er kome godt i gang».

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Rådmann ga ein ny orientering i kontrollutvalsmøte den 03.09.2018 (sak PS 30/18). Dette vart mellom anna protokollført:

«Rådmannen orienterte kort om status for tilpassing til ny personvernforordning

- *Kjøper personvernombod frå Nordhordland IKT.*
- *Vidare framdriftsplan skal utarbeidast i oktober.*

Kontrollutvalet vart einige om å be rådmannen om ei ny orientering i desembermøte»

Drøfting

Kontrollutvalet hadde saka til handsaming i møte 03.12.2018, men ein kort diskusjon vart kontrollutvalet einige om å utsetje saka til første møte i 2019 (dette møte). Sekretariatet har fått stadfesta at rådmannen kjem til dette møtet for å gje ei ny orientering om status i arbeidet, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Ut i frå at ein kanskje ikkje reknar med at kommunen er i mål med arbeidet med tilpassing til ny personvernlov, vil sekretariatet tilrå at rådmannen kjem og gjev ei ny orientering til møte i september 2019.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem til møte i september 2019 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ifm. innføring av ny personvernlov.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2014/240-24
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	4/19	04.02.2019

Tilsynsrapporten frå Arkivverket - orientering frå rådmannen

Bakgrunn

I sak PS 42/18 i møte 03.12.2018 vart mellom anna dette protokollført:

«Utvalet er og informert om tilsynsrapporten frå Arkivverket til Samnanger kommune av 19.10.2018, gjeldande alvorlege avvik. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til neste møte i kontrollutvalet 04.02.2019 og orienterer om denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke»

Av vedtakspunkt nr. 5 frå dette møte vart dette protokollført:

«Kontrollutvalet ber rådmannen om ei orientering i møte 04.02.2019 gjeldande tilsynsrapporten frå Arkivverket»

Drøfting

Kontrollutvalet må ut i frå den informasjonen som vert lagt fram i møte, diskutera seg fram til kva ein skal gjera vidare med saka.

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2014/240-23
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	5/19	04.02.2019

Tildeling av avlastningsplasser ved sjukeheimen - orientering frå rådmannen

Bakgrunn

I møte 14.05.18 vart det under sak «PS 23/18 Referatsaker, RS 9/18», mellom anna vedteke:

«Tildeling av opphald/sjukeheimsplassar i kommunen (Informasjonen bør omfatta korleis tildeling av opphald skjer, handsaming av søknad om plass, både fast opphald og avlastningsopphald, samt salg av plassar til andre kommunar. Kva kriterier ligg til grunn for tildeling av plass).»

Under sak om «utvalet sitt kvarter» i møte 03.12.2018, vart saka igjen diskutert. Dette vart mellom anna protokollert:

«Kontrollutvalet vil ha ei ny orientering frå rådmannen gjeldande avlastningsplasser ved sjukeheimen. Rådmannen har tidlegare meddelt utvalet om at dette må ho undersøke nærmare. Kva er status her ?

Vedtaket var samrøystes.

Vedtaket:

Kontrollutvalet ber om ein ny orientering gjeldande avlastningsplasser på sjukeheimen.»

Drøfting

Orienteringssaka vert med dette lagt fram for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2014/240-22
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	6/19	04.02.2019

Internkontrollsystema - orientering frå rådmannen

Bakgrunn

Kontrollutvalet hadde orienteringssak om oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll i møte 12.02.2018, der dette vart protokollert;

«Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om saka. Informasjonsnotat datert 12.02.18 vart delt ut og gjennomgått. Informasjonen var om dei digitale rapporteringssystema «Kvalitetsstyring» og «Bedre styring». Desse er nå teke i bruk og noko opplæring er gjennomført. Utfordringa er å få nok tid til å få systema godt implementert i arbeidsdagen og å få lagt inn grunnlagsdata som prosedyrar og rutinar. Politisk delegeringsystem er ennå ikkje ferdig. Målsetjing er å ta dette opp i juni-møte i kommunestyret.

Kontrollutvalet seier seg i hovudsak nøgd med informasjonen om oppfølgingsarbeid som er gjort. Utvalet ønskjer å få seg førelagt delegeringsreglementet når dette er godkjent av kommunestyret, fortrinnsvis i første møte til hausten. Kontrollutvalet vil då og ta stilling til om ein skal seie seg ferdig med oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen. Vidare ønskjer utvalet at det kan leggest opp til ei årleg rapportering om korleis internkontrollsystema fungerer og vert brukt i det daglege arbeidet.

Vedtak som vart fatta var samrøystes.

Vedtak

- 1. Kontrollutvalet seier seg i hovesak nøgd med arbeidet som er utført med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll.*
- 2. Utvalet ber om å få seg førelagt delegasjonsreglementet når dette er godkjent*
- 3. Utvalet ber om ei årleg rapportering om korleis internkontrollsystema fungerer og er i bruk»*

Drøfting

Kontrollutvalet må ut i frå den informasjonen som vert lagt fram, vurdere om ein ønskjer å lukke saka eller om ein framleis ønskjer ei årleg rapportering på dette. Det er forventa at rådmannen vil leggje fram delegasjonsreglementet for kommunen.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Konklusjon

Dersom kontrollutvalet er nøgd med informasjonen, må ein vurderer om det er tilstrekkeleg å be om ei ny orientering om eit års tid (alternativt lukke saka), eller om ein ønskjer ein ny orientering til neste møte.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om ein ny orientering om internkontrollsystemet til første møte i 2020.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2019/9-1
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	7/19	04.02.2019

Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning - forslag til prosjektplan

Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak frå møte 03.12.2018, sak 43/18;

«Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring i Samnanger kommune
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og tid for ferdigstilling.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 21.01.2019, og skal godkjennast i neste møte / evt. ved at utvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.»

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan tilpassa opplæring og spesialundervisning. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje i kva grad elevane ved grunnskulane i Samnanger kommune får ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader, og om det er etablert gode system for samarbeid mellom skulane og PPT. Vidare er det eit føremål å undersøke om det er etablert tilstrekkelege system og rutinar for å vurdere eventuelle behov for spesialundervisning og for å sikre at gjennomføringa av spesialundervisning blir planlagt og følgt opp i samsvar med vedtak og krav i regelverket.»

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1) **I kva grad er det etablert system og rutinar som bidrar til å sikre at elevar i grunnskulane i Samnanger kommune får ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader?** Under dette:
 - a) I kva grad meiner undervisningspersonalet ved grunnskulane i Samnanger kommune at dei klarer å gi ei opplæring som er tilpassa dei einiskilde elevane sine evner og føresetnader?
 - b) I kva grad sikrar kommunen at det som del av undervegsvurderinga for den einiskilde elev blir vurdert om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa?
 - c) I kva grad blir det vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet i tilfelle der det er tvil om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa?
 - d) I kva grad er det etablert system for å sikre at opplæringsloven sine krav til tidleg innsats på 1 til 4. trinn blir etterlevd?
 - e) I kva grad har Samnanger kommune etablert føremålstenlege rutinar for overgangar (mellom barnehagar og barneskulen og mellom barneskulen og ungdomsskulen) som bidrar til å sikre god kontinuitet og best mogleg tilpassa opplæring også i overgangane?
- 2) **I kva grad er det etablert føremålstenlege system og rutinar for samhandling mellom skulane og PPT?** Under dette:
 - a) Er det etablert føremålstenlege system for å sikre at pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) hjelper grunnskulane i Samnanger kommune i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov, jf. oppl. § 5-6?
 - b) Er det etablert føremålstenlege system for samhandling mellom skulane og PPT i tilfelle der skolen meiner at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av ordinær opplæring?
- 3) **I kva grad er sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning i samsvar med sentrale krav i opplæringslova og forvaltningslova?** Under dette:
 - a) Er det etablert føremålstenlege retningslinjer og rutinar som sikrar at krav i regelverket blir etterlevd?
 - b) I kva grad er den faktiske sakshandsaminga i samsvar med krav i regelverket når det gjeld til sakshandsamingstid, og innhald i enkeltvedtak?
- 4) **Blir gjennomføring av spesialundervisning planlagt og følgt opp på ein føremålstenleg måte og i samsvar med krav i regelverket?** Under dette:
 - a) Har kommunen og skulane tilgang på naudsynt kompetanse for å følgje opp anbefalingar i sakkunnig vurdering og ev. kompetansekrav i enkeltvedtak?
 - b) Blir det utarbeidd individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som har enkeltvedtak om spesialundervisning?
 - c) Er det etablert system for å sikre at spesialundervisning blir gjennomført i samsvar med det som går fram av enkeltvedtaket?
 - d) Blir det årleg utarbeidd ei skriftleg oversikt over og vurdering av den spesialundervisninga som har blitt gitt til kvar einiskild elev som har enkeltvedtak om spesialundervisning?

Drøfting:

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking og analyse av statistikk. Revisjonen ønskjer å gjennomføre 2 intervju på kommunenivå, og to intervju ved kvar skule. I tillegg vil Deloitte gjennomføre eit gruppeintervju med 3-4 lærarar ved kvar av skulane.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

Konklusjon:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen, 290 timar, som er inkludert presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet. Vidare bør det akseptertast opsjon på ev. presentasjon av revisjonsrapporten for Samnanger kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.


Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan sjukefråvær frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 20.02.2019. Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan i samråd med sekretariatet
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, 290 timar, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Samnanger kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 01.10.2019, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Forvaltningsrevisjon | Samnanger kommune

Tilpassa opplæring og spesialundervisning

Prosjektplan/engagement letter

Januar 2019

«Forvaltningsrevisjon av tilpassa
opplæring og spesialundervisning -
prosjektplan »

Januar 2019

Prosjektplan utarbeidd for
Samnanger kommune av Deloitte
AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00

Innhold

1. Føremål og problemstillinger	4
2. Revisjonskriterium	6
3. Metode	6
4. Tid og ressursbruk	12

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i sak 43/18, 3. desember 2018, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning i Samnanger kommune.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje i kva grad elevane ved grunnskulane i Samnanger kommune får ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader, og om det er etablert gode system for samarbeid mellom skulane og PPT. Vidare er det eit føremål å undersøke om det er etablert tilstrekkelege system og rutinar for å vurdere eventuelle behov for spesialundervisning og for å sikre at gjennomføringa av spesialundervisning blir planlagt og følgt opp i samsvar med vedtak og krav i regelverket.

Med bakgrunn i føremålet med prosjektet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad er det etablert system og rutinar som bidrar til å sikre at elevar i grunnskulane i Samnanger kommune får ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader?

Under dette:

- a) I kva grad meiner undervisningspersonalet ved grunnskulane i Samnanger kommune at dei klarer å gi ei opplæring som er tilpassa dei einskilde elevane sine evner og føresetnader?
- b) I kva grad sikrar kommunen at det som del av undervegsvurderinga for den einskilde elev blir vurdert om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa?
- c) I kva grad blir det vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet i tilfelle der det er tvil om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa?
- d) I kva grad er det etablert system for å sikre at opplæringsloven sine krav til tidleg innsats på 1. til 4. trinn blir etterlevd?
- e) I kva grad har Samnanger kommune etablert føremålstenlege rutinar for overgangar (mellom barnehagar og barneskulen og mellom barneskulen og ungdomsskulen) som bidrar til å sikre god kontinuitet og best mogleg tilpassa opplæring også i overgangane?

2. I kva grad er det etablert føremålstenlege system og rutinar for samhandling mellom skulane og PPT? Under dette:

- a) Er det etablert føremålstenlege system for å sikre at pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) hjelper grunnskulane i Samnanger kommune i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov, jf. oppl. § 5-6?
- b) Er det etablert føremålstenlege system for samhandling mellom skulane og PPT i tilfelle der skolen meiner at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av ordinær opplæring?

3. I kva grad er sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning i samsvar med sentrale krav i opplæringslova og forvaltningslova?

Under dette:

- a) Er det etablert føremålstenlege retningslinjer og rutinar som sikrar at krav i regelverket blir etterlevd?
- b) I kva grad er den faktiske sakshandsaminga i samsvar med krav i regelverket når det gjeld til dømes saksutgreiing, samtykke, sakshandsamingstid, og innhald i enkeltvedtak?

4. **Blir gjennomføring av spesialundervisning planlagt og fulgt opp på ein føremålstenleg måte og i samsvar med krav i regelverket?** Under dette:
- a) Har kommunen og skulane tilgang på naudsynt kompetanse for å følgje opp anbefalingar i sakkunnig vurdering og ev. kompetansekrav i enkeltvedtak?
 - b) Blir det utarbeidd individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som har enkeltvedtak om spesialundervisning?
 - c) Er det etablert system for å sikre at spesialundervisning blir gjennomført i samsvar med det som går fram av enkeltvedtaket?
 - d) Blir det årleg utarbeidd ei skriftleg oversikt over og vurdering av den spesialundervisninga som har blitt gitt til kvar einskild elev som har enkeltvedtak om spesialundervisning?

1.3 Avgrensingar

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle grunnskuleopplæring for elevar i opplæringspliktig alder, og omfattar difor ikkje vaksenopplæringa.

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

I dette forvaltningsrevisjonsprosjektet vil opplæringslova med forskrifter utgjere dei sentrale revisjonskriteria. I tillegg vil mellom anna forarbeida til reglane i opplæringslova og rettleiarar frå Utdanningsdirektoratet bli nytta for å utdjupe innhaldet i regelverket. Også forvaltningslova er sentral når det gjeld saksbehandlingskrav knytt til spesialundervisning.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Tilpassa opplæring

Prinsippet om at opplæringa skal vere tilpassa den enkelte elev sine evner og føresetnader, er eitt av grunnprinsippa for undervisninga i det norske skulesystemet. Dette prinsippet er fastsett i § 1-3 i opplæringslova, som slår fast følgjande:

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidat.

Intensjonen i lova er at den tilpassa opplæringa skal gjennomførast innanfor den ordinære undervisningssituasjonen for fleirtalet av elevane. Den delen av elevmassen som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett på spesialundervisning.

I NOU 2003:16 blir det framheva at alle elevar har rett på tilpassa opplæring. I den samanheng blir det vist til problemstillingar tilknytt å tilpasse opplæringa til alle innanfor ei elevgruppe med stor variasjonsbredde, samtidig som det gjerne ikkje er like problematisk å tilpasse opplæringa til ein såkalla «normalelev» (NOU 2003:16, s. 84). I St.meld. nr. 16 (2006-2007) ... og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring, blir tilpassa opplæring skildra på følgjande måte:

Tilpasset opplæring er ikke et mål, men et virkemiddel for læring. Alle elever skal i arbeidet med fagene møte realistiske utfordringer og krav de kan strekke seg mot, og som de kan mestre på egen hånd eller sammen med andre. Elevene har ulike utgangspunkt og ulike behov i arbeidet med de nasjonalt fastsatte kompetansemålene.

Tilpasset opplæring kjennetegnes ved variasjon i bruk av arbeidsoppgaver, lærestoff, arbeidsmåter, læremidler og variasjon i organisering av og intensitet i opplæringen. Tilpasset opplæring innebærer høy bevissthet i valg av virkemidler med sikte på å fremme den enkeltes og fellesskapets læring. (...). Spesialundervisning kan være nødvendig for å oppfylle plikten til å gi tilpasset opplæring.

I rettleiar frå Utdanningsdirektoratet blir det peikt på at det er viktig å finne ein rimeleg balanse mellom ei generell pedagogisk tilnærming og særskilte tiltak, slik at ein får ein fleksibel bruk av ressursane.

2.2.2 Tidleg innsats

I opplæringslova § 1-4 går følgjande krav om tidleg innsats fram:

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørgje for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Om omsynet til

eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.¹

I førearbeida til lovkravet om tidleg innsats, Prop. 52 L (2017-2018) blir det presisert at intensiv opplæring er ein del av den ordinære tilpassa opplæringa. Den intensive opplæringa er likevel kjenneteikna av kortvarig og målretta innsats frå skulen innan lesing, skriving og rekning for elevar som har behov for det. Det blir også presisert at elevane ikkje skal ha avvik frå kompetansemåla i læreplanverket, «(...) men skal setjast i stand til å følgje den alminnelege progresjonen i undervisninga.»²

2.2.3 Overgangar mellom barnehage og skule og barneskule og ungdomsskule

Gode overgangar både mellom barnehage og skule, og mellom ulike hovudtrinn i skulen er viktig for å sikre kontinuitet og leggje godt til rette for tilpassa opplæring. I rammeplan for barnehagen står mellom anna følgjande om overgangen frå barnehage til skule:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barna kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole og eventuelt skolefritidsordning. Barnehagen og skolen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbudet til de eldste barna i barnehagen, deres overgang til og oppstart i skolen. Barnehagen må ha samtykke fra foreldrene for å dele opplysninger om enkeltbarn med skolen.³

2.2.4 Vurdering av læringsutbytte og tiltak innanfor ordinær undervisning

Av § 3-11 i forskrift til opplæringslova går det fram at eleven minst ein gang kvart halvår har rett til ein samtale med kontaktlæraren om si utvikling i forhold til kompetansemåla i faga, samt at «Læraren skal i undervegsvurderinga vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1 og § 5-4.»

Det går også fram av rettleiing knytt til felles nasjonalt tilsyn 2014-2017⁴ at skulen må sørge for å ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane løpande vurderer om eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Vidare står det at:

Før det blir aktuelt å gi spesialundervisning til en elev som har vansker med å følge den ordinære opplæringen, må skolen vurdere om vanskene kan avhjelpes gjennom tilpasset opplæring. Dette innebærer at skolen må vurdere om eleven vil kunne få et tilfredsstillende utbytte ved at den for eksempel endrer vurderingspraksis og arbeidsmåter gjennom å gi andre arbeidsoppgaver eller bruke annet lærestoff og andre læremidler. Skolen må også vurdere om det må foretas endringer i læringsmiljøet som kan medføre at eleven får tilfredsstillende utbytte; for eksempel gjennom å variere organisering av og intensiteten i opplæringen.⁵

Av opplæringslova § 5-4 går det fram at «Undervisningspersonalet skal vurdere om ein elev treng spesialundervisning, og melde frå til rektor når slike behov er til stades. Skolen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte før det blir gjort sakkunnig vurdering.» Når det gjeld siste setning, er det i rettleiingsmaterieill frå Utdanningsdirektoratet vist til kravet om å vurdere om det kan gjerast endringar eller tilpassingar gjennom tilpassa opplæring, for at eleven skal få tilfredsstillande utbytte av opplæringa (sjå over). Vidare er det presisert at «når skolen vurderer det slik at eleven vil få tilfredsstillande utbytte ved å foreta enkelte

¹ Noverande krav om tidleg innsats erstatta tidlegare lovtekst om tidleg innsats med verknad frå 1. august 2018.

² Kunnskapsdepartementet: Prop.52 L (2017-2018) Endringar i opplæringslova, friskolelova og folkehøgskolelova (plikt til å tilby intensiv opplæring og plikt til fleirfagleg samarbeid m.m.

³ Rammeplan for barnehagen. Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. Sist endra: 01.08.2017. Kapittel 6.

⁴ Utdanningsdirektoratet: <http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/felles-nasjonalt-tilsyn/skolens-arbeid-med-elevenes-utbytte-av-opplaringen/>.

⁵ Utdanningsdirektoratet: <http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/felles-nasjonalt-tilsyn/skolens-arbeid-med-elevenes-utbytte-av-opplaringen/>.

tilpasninger innenfor den ordinære opplæringen, plikter skolen å sørge for at tiltakene blir satt i verk snarest.»

2.2.5 Samarbeid med PPT

I opplæringslova § 5-3 blir det stilt krav om ei sakkunnig vurdering før det kan bli fatta vedtak om spesialundervisning:

Før kommunen (...) gjer vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 (...) skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast. (...)

Det er PPT som ifølgje opplæringslova § 5-6 skal sørge for at det blir utarbeidd sakkyndig vurdering der lova krev det.

I tillegg til det individretta arbeidet tilknytt sakkyndige vurderingar, skal skulane samarbeide med PPT på systemnivå. Av § 5-6 i opplæringsloven, andre ledd, går det fram at PPT «skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov». I St. meld. nr. 18 (2010-2011) blir det peikt på at PPT bør bruke meir tid på det systemretta arbeidet, dvs. å bistå skulane når det gjeld førebyggjande arbeid og kompetanse- og organisasjonsutvikling. Det blir i stortingsmeldinga lagt vekt på prioriteringa av systemarbeid. Dette er viktig fordi elevane sine særskilte behov ikkje nødvendigvis treng å vere tilknytt forhold ved eleven. Behova kan også skuldast skulen sine val rundt organisering av klassen og opplæringa, mangel på naudsynt kompetanse og forhold rundt klasseleiing. PPT bør difor på eit tidleg tidspunkt gi råd til skulen om løysingar og tiltak som gjer at eleven kan få eit tilfredsstillande utbytte innanfor den ordinære opplæringa, slik at det ikkje blir nødvendig å tilvise eleven til PPT og gjere enkeltvedtak.

2.2.6 Saksbehandling ved vurdering av behov for spesialundervisning

Kapittel 5 i opplæringslova omhandlar spesialundervisning. Der går det fram at «elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.» (§ 5-1 første ledd).

Eleven sin rett til spesialundervisning etter opplæringslova er ein individuell rett. Dette inneber at skuleeigar ikkje kan avvise denne retten, når det er vurdert at ein elev ikkje kan få *tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet*. Vidare går det fram av rettleiaren frå Utdanningsdirektoratet at skuleeigar ikkje kan avgrense den særskilte tilrettelegginga med bakgrunn i manglande økonomiske ressursar.⁶

I opplæringslova § 5-3 blir det stilt krav om at dersom vedtaket frå kommunen eller fylkeskommunen avvik frå den sakkyndige vurderinga, skal grunngjevinga for vedtaket mellom anna vise kvifor kommunen eller fylkeskommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1.

Det blir i rettleiar for spesialundervisning peikt på at det er viktig at skuleeigar, skulane og PPT har god kjennskap til forvaltningsretten sine lovfesta reglar og ulovfesta prinsipp ved behandling av saker om spesialundervisning. Dette er fordi eit vedtak om spesialundervisning er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. I rettleiaren blir det presisert at dette mellom anna betyr at utforminga av enkeltvedtaket om spesialundervisning, førebels svar, og klageinformasjon må bli gitt i samsvar med forvaltningslova sine reglar om saksbehandling.

I forvaltningslova går følgjande fram av § 11a om saksbehandlingstid og førebels svar:

Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold.

Dersom det må ventes at det vil ta uforholdsmessig lang tid før en henvendelse kan besvares, skal det forvaltningsorganet som mottok henvendelsen, snarest mulig gi et foreløpig svar. I svaret skal det gjøres

⁶ Utdanningsdirektoratet: Spesialundervisning. Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

rede for grunnen til at henvendelsen ikke kan behandles tidligere, og så vidt mulig angis når svar kan ventes. Foreløpig svar kan unnlates dersom det må anses som åpenbart unødvendig.

I saker som gjelder enkeltvedtak, skal det gis foreløpig svar etter annet ledd dersom en henvendelse ikke kan besvares i løpet av en måned etter at den er mottatt.

Samla sett går det fram ei rekkje krav til saksbehandlinga av opplæringslova og forvaltningslova. Det blir presisert i rettleiaren om spesialundervisning at det skal fattast vedtak også dersom det blir vurdert at eleven ikkje har behov for spesialundervisning. Dette er viktig av omsyn til klageretten og dermed eleven sin rettstryggleik.

Enkeltvedtak kan klagast på jf. forvaltningsloven § 28. Av § 27 går det fram at det i underretting om vedtak skal «gis opplysning om klageadgang, klagefrist, klageinstans og den nærmere fremgangsmåte ved klage, samt om retten etter § 18, jfr § 19 til å se sakens dokumenter.» Av forvaltningsloven §§ 24-25 går krav til grunngjeving av enkeltvedtak fram.

2.2.7 Gjennomføring av spesialundervisning

Av opplæringslova § 5-5 første ledd går det fram at det for alle elevar som får spesialundervisning, skal utarbeidast ein individuell opplæringsplan: «Planen skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis ho skal drivast.» Vidare går krav til årleg vurdering av den spesialundervisninga som blir gitt fram av oppl. § 5-5 andre ledd:

Skolen skal ein gong i året utarbeide skriftleg oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven. Utviklinga til eleven skal vurderast ut frå måla som er sette i den individuelle opplæringsplanen til eleven. Skolen sender oversikta og vurderinga til eleven eller til foreldra til eleven og til kommunen (...).

I rettleiing frå Utdanningsdirektoratet står mellom anna følgjande om samsvar mellom omfanget av spesialundervisning som er fastsett i enkeltvedtaket, og den faktiske ressursen som eleven får:⁷

Skolen skal planlegge og gjennomføre opplæringa til eleven slik at eleven får den spesialundervisninga han eller hun har krav på. Enkeltvedtak om spesialundervisning gir eleven ein individuell rett til ekstra ressurs.

(...)

Det er viktig at skolens praksis samsvarer med enkeltvedtaket. Dersom eleven mister timer, skal dette tas igjen, så langt det er pedagogisk forsvarlig.

Gjennom enkeltvedtaket har eleven fått rett til et minstekrav for at elevens opplæringstilbud skal bli forsvarlig. Hvis noe av denne opplæringa forsvinner, kan det føre til at elevens opplæringstilbud ikke lenger er forsvarlig. Dette fører til at skolen ikke oppfyller sine forpliktelser etter opplæringsloven.

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Eventuelle relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

⁷ <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/Fase-5/>

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

Får å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalte personar frå Samnanger kommune som kan gje informasjon om system og rutinar for tilpassa opplæring og spesialundervisning, og om praksisen ved skulane. Vi tek sikte på å gjennomføre to intervju på kommunenivå, og to intervju ved kvar skule. Ved kvar av skulane vil vi intervjuje rektor, eventuelt saman med ein annan representant for leiinga. I tillegg vil vi gjennomføre eit gruppeintervju med 3-4 lærarar ved kvar av skulane. Vi vil også intervjuje ein representant for PPT. Til saman vil det dermed bli gjennomført sju intervju.

3.3 Spørjeundersøking

Revisjonen vil utarbeide og sende ut ei elektronisk spørjeundersøking til alle lærarane ved dei to skulane i kommunen, for å få eit breiast mogleg datagrunnlag.

Spørjeundersøkinga vil mellom anna omfatte spørsmål til lærarane når det gjeld i kva grad dei i praksis klarer å tilpasse undervisninga til elevane sine ulike evner og føresetnader. Den vil også omfatte spørsmål knytt til tidleg innsats, utprøving av tiltak i ordinær undervisning og spørsmål knytt til den praktiske gjennomføringa av spesialundervisning. Nokre spørsmål vil bli spesifikt retta til kontaktlærarar.

I spørjeundersøkinga vil det bli lagt inn nokre opne kommentarfelt, der respondentane kan gi kommentarar ut over svar på konkrete spørsmål. Føremålet er å fange opp eventuelle andre aktuelle og relevante innspel frå lærarar og rektorar knytt til problemstillingane for forvaltningsrevisjonen. Spørjeundersøkinga vil bli gjennomført anonymt.

3.4 Stikkprøvegjennomgang

For å undersøke om Samnanger kommune etterlever krav i regelverket til sakshandsaminga i samband med spesialundervisning, vil vi gjennomgå om lag fem saksmapper for elevar som har vedtak om spesialundervisning. Vi vil avgrense stikkprøvene til elevar som har fått utarbeidd sakkunnig vurdering i løpet av dei to siste skuleåra, for å sikre at stikkprøvegjennomgangen gir eit oppdatert bilete av sakshandsamingspraksisen. I stikkprøvegjennomgangen vil vi ha fokus på sakshandsamingsprosessen og utforming av vedtak, samt utarbeiding av IOP og årsrapport for elevar med vedtak om spesialundervisning.

Saksmappene vil bli valt ut slik at begge skulane i kommunen blir omfatta av stikkprøvekontrollen. Vi vil velje ut saker som gjeld elevar på ulike klassetrinn for kontroll.

3.5 Analyse av statistikk

Informasjon om ressursbruk, omfang av spesialundervisning mv. vil vere viktig bakgrunnsinformasjon for vurdering av problemstillingane i prosjektet. Deloitte vil gjere ei analyse av føreliggande statistikk i KOSTRA

og GSI (Grunnskolen Informasjonssystem), der vi vil samanlikne Samnanger kommune med gjennomsnittet i kommunegruppa, fylket og landet utanom Oslo.

3.6 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå dei verifisert intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Referat frå gruppeintervju med lærarar vil ikkje bli verifisert, då det ikkje blir skilt mellom kven som seier kva i eit gruppeintervju. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil ble vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg teamet bestå av prosjektleiar Line M. Johansen (senior manager) og konsulent Annbjørg Ryssdal. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 290 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere slutten av februar 2019, og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av september 2019. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at kommunen sender over etterspurd dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stillar til og verifiserer intervju. I tillegg er det ein føresetnad at vi innanfor estimerte tidsfristar oppnår ein tilfredsstillande svarprosent på spørjeundersøkinga.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Samnanger kommune og Deloitte.

Bergen, 21. januar 2019



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2019 Deloitte AS



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 146
Arkivnr: 2016/81-14
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	8/19	04.02.2019

Årsmelding 2018 for kontrollutvalet

Bakgrunn

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2018. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva utvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



Samnanger kommune

Kontrollutvalet

ÅRSMELDING 2018

FOR KONTROLLUTVALET I

SAMNANGER KOMMUNE



1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet**

I reglement for kontrollutvalet, som vart vedteke i kommunestyret 25.09.13, saman med reglement for dei andre politiske utvala i kommunen, står det om føremål og oppgaver:

«Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hos kommuneadministrasjonen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.»

I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

2 **Samansetjing av kontrollutvalet**

Kontrollutvalet for perioden 2015 - 2019 er slik samansett:

Medlemmer:

Bright Olav Gåsdal (Ap) – leiar
Vibeke Bohre Våge (H) - medlem

Vararepresentant for Ap, H, Krf og Mdg:

1. Gisle Gardar Øye (H)
2. Shirin Kvernes Kadoor (Ap)
3. Bjarne Hauge (Krf)

Anne Tandstad (Sp) – nestleiar
Øystein Foss (Bl) - medlem
Svein Verner Røseth (Frp) medlem

Vararepresentant for Bl, Frp og Sp:

1. Evelyn Frøland (Bl)
2. Roy Ove Eikedal (Sp)
3. Tor Henning Grønlien (Bl)
4. Marion Langhelle Pedersen (Frp)

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet vera medlem av kommunestyret. Bright Olav Gåsdal er kommunestyremedlem.

3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2018**

- Kontrollutvalet hadde 4 møter, og handsama 47 saker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på dei fleste møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å orientera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 **Sekretariatsordninga**

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå § 20 i Forskrift om kontrollutvalg - «Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget har sekretærbistand som til enhver tid tilfredstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og et utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens administrasjon.»

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Kari Nygard og Helge Inge Johansen har utført sekretæroppgaver på kontrollutvalgs møta.

Forutan å vera sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune yter også sekretariat sekretariatstenester til kontrollutvala i desse kommunane: Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Fitjar, Askøy og Vaksdal. Frå 2017 har sekretariatet og utført sekretærtenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

5 **Revisjonstenesta**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med, og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Samnanger kommune. Noverande avtale gjeld fram til og med 30.06.2020. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar.

Fram til hausten 2017 var partner Bjarne Ryland ansvarleg revisor. Vidare overtok partner Unni-Renate Moe som ansvarleg revisor. I tråd med regelverket har revisor lagt fram for kontrollutvalet eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune.

6 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

Plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken i kommunestyremøte 15.12.2016.

6.1 **Gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt**

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.»

6.2 **Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.**

Forvaltningsrevisjon av «Internkontroll i Samnanger kommune».

I 2014 vart det vedteke å gjennomføra forvaltningsrevisjon om «Internkontroll i Samnanger kommune». Arbeid med gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vart utført på slutten av 2014 og første halvår 2015. Rapport etter arbeidet vart lagt fram for kommunestyret i møte 14.10.15. Det vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune. Kommunestyret ber rådmann syta for å:

1. Arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen.
2. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til overordna internkontroll, vert gjennomført.
3. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til internkontroll i støtteprosessar, vert gjennomført.
4. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til tenestespesifikk internkontroll, vert gjennomført. Kommunestyret vil at arbeid med å etablere lovpålagt internkontrollsystem i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, vert prioritert.
5. Sikre at tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsystem, og at det vert etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av internkontrollsystemet.
6. Lage ein handlingsplan innan 01.02.2016 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.»

Kontrollutvalet har fått informasjon om arbeidet med oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i etterkant av rapporten. Notat som viser plan for oppfølging er lagt fram. Vidare fekk kontrollutvalet orientering i saka i mai 2017. Utvalet gjorde då slikt vedtak:

«Kontrollutvalet har merka seg at arbeidet med implementering av eit heilheitleg internkontrollsystem er kome godt i gang. Utvalet ønskjer å følgja med på korleis internkontroll-arbeidet vert følgt opp også i tida framover, og vil be om ei ny orientering i starten av 2018.»

Kontrollutvalet fekk ein ny orientering i februar møte 2018, der dette vart vedteke;

«Vedtak:

1. Kontrollutvalet seier seg i hovudsak nøgd med arbeidet som er utført med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll.
2. Utvalet ber om å få seg førelagt delegasjonsreglementet når dette er godkjent.
3. Utvalet ber om ei årleg rapportering om korleis internkontrollsystema fungerer og er i bruk».

6.3 Forvaltningsrevisjon av «Innkjøpsarbeid i Samnanger kommune».

I plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020, som vart vedteke i kommunestyret 15.12.2016, var sjukefråvær prioritert som nr. 1. I møte 03.10.17 fekk kontrollutvalet informasjon om at den nye rådmann har teke initiativ til å setja fokus på tre områder som det vil bli arbeidd særleg med i tida framover. Områda det vil bli sett fokus på er:

- Verdiprojektet
- Kompetanseløftet
- Sjukefråvær

Kontrollutvalet valde såleis å ikkje sjå på prosjektet som er nr. 1 i planen. I møte 04.12.17 vart det fatta vedtak om å heller sjå på innkjøpsarbeidet.

Revisjonsrapport etter forvaltningsrevisjon av innkjøp vart handsama i kontrollutvalet i septembermøte. Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke i kommunestyret i møtet 13.09.2018.

«Kommunestyret ber rådmannen syte for å:

1. Oppdatere fullmaktsstrukturen i samsvar med gjeldande regelverk, og vurdere justeringar i fullmaktsstrukturen slik at den betre samsvarar med behova i organisasjonen
2. Vurdere om det er sett av tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverk og eigne rutinar
3. Vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen
4. Oppdatere rutinar og retningsliner for innkjøp i samsvar med gjeldande regelverk

5. Syte for at rutinar og retningsliner for innkjøp er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
6. Syte for at det blir etablert eit system for elektronisk kommunikasjon for anbudsprosessar, jmf. komande krav i regelverket
7. Gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket, under dette
 - a) konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med regelverket.
 - b) dokumentere og sikre føreseielegheit og likebehandling i tilbodsvaluinga
 - c) stille krav om løns- og arbeidsvilkår i samsvar med regelverket
 - d) gjennomføre korrekte avrop på rammeavtalar
 - e) protokollere innkjøp i samsvar med regelverket
8. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.11.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen i møte den 03.12.2018 der dette vart protokollført.

«Rådmannen orienterte om handlingsplanen og svarte på spørsmål frå utvalet.

Dette kom mellom anna fram i orienteringa;

- Delegasjonsreglementet og Innkjøpsreglementet er på plass
- Det er pr. i dag ikkje tilstrekkeleg ressursar til å handtere dette, men kommunen skal overføre ein ressurs frå HR, som blant anna skal jobbe med dette. Tek sikte på at ny ressurs er på plass fyrste halvår 2019
- Ca. 10 ansatte frå administrasjonen har vore på kurs som ledd i å auke innkjøpskompetansen i kommunen.

Utvalet valde, ut frå at kommunen er i prosess med å få tilført ein ny ressurs som spesielt skal jobbe med innkjøpsområde, å endre på forslag på ny tilbakemelding på status. Denne vart endra frå 01.02.2019 til 15.08.2019.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet gjeldande forvaltningsrevisjon innan innkjøp, i form av skriftleg tilbakemelding innan 15.08.2019.»

6.4 Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisjon av «spesialundervisning og tilpassa opplæring».

I desembermøte i kontrollutvalet vart det vald nytt prosjekt etter gjeldande plan for forvaltningsrevisjon 2016 -2020, vedteke i kommunestyret 15.12.2016.

Kontrollutvalet diskuterte igjen om ein skulle sjå på prosjektet som er nr. 1 i planen «sjukefråvær». Men ut i frå orienteringa frå rådmannen gjeldande utvikling av sjukefråvær i dette møte, og at denne har ei positiv utvikling, avgjorde kontrollutvalet at ein ønskjer å få utført forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring, med disse temaene:

- kompetanse
- tilpassing av den ordinære undervisninga
- samhandling mellom PPT og skule
- vedtak om spesialundervisning
- gjennomføring/iverksetting av spesialundervisning

«Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring i Samnanger kommune

2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og tid for bestilling.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 21.01.2019, og skal godkjennast i neste møte / evt. ved at utvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen».

Kontrollutvalet vil handsama denne planen i møte 04.02.2019.

7 Arbeid med selskapskontroll Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskap m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets veggen skal gjennomføre selskapskontroll.”

Plan for selskapskontroll for 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyremøte 15.12.2016.

7.1 Gjennomføring av selskapskontrollar, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk

Det er ikkje gjennomført selskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2018 i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

8 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger kommune er medlem i FKT. FKT har utarbeida ein vegleiar til «Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet» i 2018. Kontrollutvalet i Samnanger kommune gav uttale til forslag til vegleiar. Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

9 Opplæring

Brigt Olav Gåsdaal, Vibeke Bohre Våge, Svein Verner Røseth og Anne Gerd Tandstad deltok på folkevaldopplæringa Solstrand Hotel & Bad, 29 – 30 januar 2018.

Kontrollutvalet har arrangert kurs i regi av Deloitte. Ein kursdag pr. år inngår i fastprisavtalen med revisor. Det vart arrangert kurs med tema «Samfunnsansvar og antikorrupsjon» i samband med kommunestyremøte 13.09.18.

10 Samnanger kommune si heimeside og bruk av elektronisk møteinnkalling.

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida er lagt til rette på ein god måte. Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta og får elektronisk innkalling. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det lagt godt til rette både med opplæring og tilrettelegging på heimesida.

11 Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune.

Kontrollutvalet sin uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2017 hadde bl.a. med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viser kr. 153.677.219 til fordeling drift, og
- eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 8.992.
- netto driftsresultat er positivt med kr. 6.008.902.

Oppsummering og tilrådingar frå kontrollutvalet til den framlagde kommunerekneskapen:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2017 er positivt. Resultatet ligg litt over TBU sine anbefalingar, men ligg under gjennomsnittet i landet.
- Samnanger kommune har ikkje eit tilfredstillande nivå i 2017 på disposisjonsfondet, sjølv om det er styrka i 2017 samanlikna med året før.
- Lånegjelda er svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar, men det er ein del nedgong sidan 2015.
- Årsmeldinga for 2017 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

12 Tilsyn frå Fylkesmannen

Når Fylkesmannen, eller andre statlege organ, gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Fylkesmannen, og andre, tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp / utført på ein tilfredstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ei av sine oppgåver å følgja med i slike tilsynssaker.

Kontrollutvalet har i møte 03.12.2018 fått seg førelagt tilsynsrapporten frå Arkivverket dagsett 19.10.2018, der det er avdekka alvorlege avvik. Rådmannen vil i møte 04.02.2019 orientere kontrollutvalet om denne saka.

Det var ikkje andre tilsynssaker til handsaming i kontrollutvalet i 2018.

13 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2018:

Utvalet har og som faste punkt på saklista – gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskap og hovudutvala. Her er døme på nokre andre saker kontrollutvalet handsama.:

- Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane
- Byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim
- Byggerekneskap for ny vegtrase Totræna
- Budsjett 2019 for kontrollutvalet
- Ny personvernlov frå 2018 – konsekvensar for kommunane
- Rekneskapsrapportar for kommunerekneskapen
- Årsrapport 2017 frå Skatteoppkrevjar og kontrollrapport 2017 frå Skatteetaten.
- Krav om forvaltningskontroll i forvaltningsaka om mur i Krekavegen i Samnanger kommune

Samnanger 04.02.2019

Brigt Olav Gåsdal
Leiar i kontrollutvalet



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2015/133-20
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	9/19	04.02.2019

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Brigt Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 13.09.18, 08.11.18 og 13.11.2018
- Formannskapet 02.10.18, 25.10.18 og 22.11.18
- Naturutvalet 04.12.18

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2016/14-20
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	10/19	04.02.2019

Møteplan 2019 for kontrollutvalet

Samandrag

Møtedatoar for kontrollutvalet bør vera tilpassa møtetidspunkt for formannskap og kommunestyret, slik at det let seg gjera å senda over saker som evt. skal handsamast vidare. Det vert gjort framlegg om at kontrollutvalet set opp møteplan for heile året 2019, slik dei andre politiske utvala har gjort.

Det er særleg møtet der uttale til kommunen sin rekneskap for 2018 skal opp til handsaming, som er viktig å tilpassa til formannskap og kommunestyre. Samnanger kommune legg opp til å handsame rekneskap og årsmelding i formannskapet 23.05.19, og vidare til kommunestyret 06.06.19. For mellom anna å tilpasse seg denne saka, vert det sett opp slikt utkast til møteplan for kontrollutvalet for 2019:

Utkast til møteplan for KUV	Aktuelle saker å ta opp:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet	Kommunestyret
04.02.2019	Første møte 2019 – noverande møte		21.02.2019
13.05.2019	Uttale til kommunerekneskapen	23.05.2019	06.06.2019
09.09.2019	Forslag til budsjett 2020 for kontrollutvalet		17.10.2019
07.10.2019	Forvaltningsrevisjonsrapport tilpassa opplæring og spesialundervisning		24.10.2019
02.12.2019			

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2019:

Dato:	Merknad:
04.02.2019	Under avvikling
13.05.2019	
09.09.2019	
07.10.2019	
02.12.2019	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Samnanger kommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 11/19 Referatsaker



Til Kontrollutvalet

UTVALET SITT KVARTER:

Kontrollutvalet ønskjer å ha «utvalet sitt kvarter» som fast post på saklista i sine møter. Dersom det vert teke opp saker som krev nærmare undersøking / innhenting av opplysningar, ber ein om at saka vert meldt inn på førehand til styreleiar og sekretariatet. Ellers kan medlemmane som tek opp saker be om at spørsmålet som vert reist vert undersøkt nærmare til neste møte.

Følgjande spørsmål / saker vart reist i dette møtet:



MØTEPROTOKOLL

Møte:	Styremøte
Tid:	14. desember 2018 kl. 09.00 - 14.00
Sted:	Tollbugata 32, Oslo
Deltakere fra styret:	Benedikte Muruvik Vonen, Dag Robertsen, Terje Engvik, Einar Ulla, Ivar Mork, Roald Breistein
Andre som møtte:	Anne-Karin Femanger Pettersen
Forfall:	Marit Gilleberg
Møteleder:	Benedikte Muruvik Vonen

Saksliste:

Saknr.	Saker:
SS 94/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
SS 95/18	Godkjenning av protokoll fra styremøtet 11.oktober 2018
SS 96/18	Høringsutkast/arbeidsutkast - Veileder kontrollutvalgets påse-ansvar
SS 97/18	Status arbeidsgruppe - Internt kvalitetssystem i sekretariatene
SS 98/18	Status arbeidsgruppe – Opplæring av nye kontrollutvalg
SS 99/18	Status planlegging - Fagkonferansen 2019 i Kristiansand
SS 100/18	Oppstart planlegging - Arendalsuka 2019 (utsatt fra forrige møte)
SS 101/18	Hotelltilbud - Fagkonferansen 2020
SS 102/18	Samarbeid FKT og NKRF
SS 103/18	Styremøtet 29.1 2019 – tid og sted
SS 104/18	Referatsaker:
RS 27/18	Status medlemsverving
RS 28/18	Høstsamling for kontrollutvalg - Temark
RS 29/18	Sekretariatssamling i Larvik «Oslofjordsamarbeidet»
RS 30/18	Status søknad - Veileder for samordning av egenkontroll og tilsyn
RS 31/18	KOFA-konferansen 2019
RS 32/18	NKRFS svar til FKT ang. godkjenning av kurs
RS 33/18	Kontorsituasjonen for sekretariatet
SS 105/18	Eventuelt

SS 94/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Behandling i møte:

Det var ikke merknader til sakslisten

Vedtak:

Innkalling og sakliste ble godkjent.

SS 95/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTET 11.OKTOBER 2018

Behandling i møte:

Ingen merknader til protokollen fra styremøtet 11.oktober 2018

Vedtak:

Protokollen fra styremøtet 11.oktober 2018 ble godkjent.

SS 96/18 HØRINGSUTKAST/ARBEIDSUTKAST – VEILEDER KONTROLLUTVALGETS PÅSE-ANSVAR OVERFOR REVISOR

Forslag til vedtak:

Styret tar høringsutkastet til orientering med innspill gitt i møtet.

Behandling i møte:

Einar gjennomgikk utkastet.

Vedtak:

Styret tar høringsutkastet til orientering med innspill gitt i møtet. Styret behandler endelig høringsutkast 29. januar.

SS 97/18 STATUS ARBEIDSGRUPPE – INTERNT KVALITETSSYSTEM I SEKRETARIATENE

Forslag til vedtak:

Styret tar saken til orientering og slutter seg til forslaget til mandat:

- *Arbeidsgruppen skal utarbeide en veileder som identifiserer nødvendige og tilstrekkelige kontrollmiljødokumenter for kontrollutvalgssekretariat.*

- *Kontrollmiljø kan defineres som interkontrollens grunnstruktur. Begrepet er hentet fra COSO-rammeverket og betyr at det må være etablert et tilfredsstillende internt miljø som fremmer disiplin og struktur.*
- *Videre skal veilederen foreslå hvordan innholdet i kontrollmiljø dokumentene kan tilpasses virksomheten i sekretariatene.*
- *Veilederen skal være ferdig til sekretariatskonferansen 2020.*

Behandling i møte:

Styret diskuterte saken og ga innspill på endringer i mandatet

Vedtak:

Styret tar saken til orientering og slutter seg til følgende mandat:

- *Arbeidsgruppen skal utarbeide en veileder som identifiserer nødvendige og tilstrekkelige internkontrolldokumenter for kontrollutvalgssekretariat.*
- *Videre skal veilederen foreslå hvordan innholdet i internkontrolldokumentene kan tilpasses virksomheten i sekretariatene.*
- *Veilederen skal være ferdig til sekretariatskonferansen 2020.*

SS 98/18 STATUS ARBEIDSGRUPPE – OPPLÆRING AV NYE KONTROLLUTVALG

Forslag til vedtak:

Styret tar informasjon om status til orientering

Behandling i møte:

Roald orienterte om status.

Vedtak:

Styret tar informasjon om status til orientering

SS 99/18 STATUS PLANLEGGING - AV FAGKONFERANSEN 2019 I KRISTIANSAND

Forslag til vedtak:

Styret tar status for planlegging av fagkonferansen 2019 til orientering. Sekretariatet jobber videre med innspillene og rapporterer om status på neste styremøte.

Behandling i møte:

Styret diskuterte saken og kom med innspill på pris og endringer i programmet

Vedtak:

Styret tar status for planlegging av fagkonferansen 2019 til orientering. Sekretariatet jobber videre med innspillene og rapporterer om status på neste styremøte.

SS 100/18 OPPSTART PLANLEGGING - ARENDALSUKA 2019

Forslag til vedtak:

Styret tar saken til orientering. Styreleder og generalsekretæren jobber videre med innspillene som framkom i møtet..

Behandling i møte:

Styre drøftet aktuelle arrangementer og samarbeidspartnere.

Vedtak:

Styret tar saken til orientering. Styreleder og generalsekretæren jobber videre med innspillene som framkom i møtet.

SS 101/18 HOTELLTILBUD FAGKONFERANSEN 2020

Forslag til vedtak:

Fagkonferansen 2020 skal være på

Behandling i møte:

Styret diskuterte de ulike tilbudene

Vedtak:

Styret ber sekretariatet om å innhente flere hotelltilbud i Gardermoen/Lillestrøm-området for gjennomføring av Fagkonferansen 2020.

SS 102/18 SAMARBEID FKT-NKRF

Forslag til vedtak:

(saken legges fram uten forslag til vedtak)

Behandling i møte:

Styret diskuterte saken og ble enige om at styreleder og generalsekretær arbeider videre med styrets innspill.

Vedtak:

Styreleder og generalsekretær arbeider videre med styrets innspill.

SS 103/18 STYREMØTE 29.1 2018 – TID OG STED

Forslag til vedtak:

Styremøtet 29.1 2019 legges <sted> <tidspunkt>
Styret har deretter fellesmøte med NKRF-styret fra kl. 17.00 til kl.18.00

Behandling i møte:

Vedtak:

Styremøtet 29.1 2019 legges til **Clarion Hotel & Congress Oslo Airport**, 11.00 – 16.30
Styret har deretter fellesmøte med NKRF-styret fra kl. 17.00 til kl.18.00

SS 104/18 REFERATSAKER

Behandling i møte:

Følgende referatsaker ble tatt til orientering:

- RS 27/18 Status medlemsverving*
- RS 28/18 Høstsamling for kontrollutvalg - Temark*
- RS 29/18 Sekretariatssamling i Larvik «Oslofjordsamarbeidet»*
- RS 30/18 Status søknad - Veileder for samordning av egenkontroll og tilsyn*
- RS 30/18 KOFA-konferansen 2019*
- RS 32/18 NKRFs svar til FKT ang. godkjenning av kurs*
- RS 33/18 Kontorsituasjonen for sekretariatet*

Vedtak:

Saken ble utsatt

SS 105/18 EVENTUELT

Styret ba om å få «status medlemsverving» som egen sak i neste styremøte.

Styret ba også om at det i neste styremøte settes opp sak om evaluering av styrets arbeid.

14.desember 2018

Benedikte Muruvik Vonen
styreleder

Anne-Karin Femanger Pettersen
generalsekretær

PS 12/19 Eventuelt